



MØTEBOK

Møte: 3-2024
Møtedato: Onsdag 5.6.2024
Møtestad: Bømlo kyrkje
Tid: 17.30

Desse møte:

Torleiv Fylkesnes, Sverre Leon Larsen, Hildegunn Lodden Stautland, Rolf Magne Skippervik, Solveig Eikeland, Anja-Beate Skullerud (vara Bømlo), Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm (vara Bremnes), Lars Gunnar Ersland (kom. rep.) Asbjørn Gundersen og Trygve Leigland

Desse møtte ikkje:

Asbjørn Esperø, Rune Sivertsen og Odd Ingvar Larsen

Møtet starta med synfaring på gravplassane i Bømlo sokn. Rådet møtest på Vika gravplass kl. 16.30, før vegen gjekk vidare til Vorland gravplass og Hillestveit gravplass. Det vart gjeve ei kort orientering på dei ulike gravplassane.

2024-03-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

2024-03-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 2 – 2024

Møtebok 2 – 2024 vart godkjent utan merknadar.

2024-03-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Revisjonsberetning
 2. Nytt om personale: Ny sokneprest i Bømlo og Lykling på plass
- Saker lagt til i møte:
3. Det vart orientert litt om saken på Vorland kyrkjegard der ein er usikker på om jobben med gravplass er gjort godt nok. Vil iverksette prøvegraving.

2024-03-04 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2024

Kvartalsrapporten for 1. kvartal vart kort gjennomgått av kyrkjeverje der nokre særskilde postar vart presisert jf. sakspapira.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2024 til vitande.

2024-03-05 ÅRSMELDING FOR 2023

Det vart presisert at dette er førre råds årsmelding, så lite her ein kan gjere frå eller til, men bra med ei orientering om organisasjonen.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2023 slik den føreligg.

2024-03-06 REVIDERT BUDSJETT 2024

Det vart gjennomført ei kort saksgjennomgang der endringar frå opprinneleg budsjett vart gjennomgått og grunngjevingane for desse.

Revidert budsjett er hovudsakleg utforma med konsekvensane av fråtrekk på 500 000,- i ekstra tilskot får Bømlo kommune.

Dette vert forsøkt dekkje med omorganiseringar (klokkarstillingar, kyrkjegard m.m.) og reduksjon i aktivitetsutgifter, samt auke av eigenbetalingar (festeavgift), refusjonar og tilskot.

Vidare opprettheld ein det ambisiøst målet om dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk med 850 000,-

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek forslag til revidert budsjett for 2024

2024-03-07 MØTEPLAN HAUSTEN 2024 (saka vart lagt til i møte)

Vedtak:

- 4. september
- 16. oktober
- 4. desember

2024-03-08 EVENTUELT (saka vart lagt til i møte)

- Rekneskapsføringspraksisen til sokneråda vart drøfta. Her er det i dag alt for tungvint praksis med manuell handtering av bilag. Ein betalar dyrt for at Azets gjer ein liten jobb for sokneråda. Fleire kasserarar ynskjer å gå bort frå denne avtalen og denne løysinga, noko som vart støtta av fellesrådet.

- Årsmøtepraksisen til sokneråda vart diskutert. Kva kan ein gjere for at fleire skal finne det interessant å vera med på årsmøte? Presentasjon av arbeidet var nemnd på som ein mogelegheit, og det å «gjere litt meir ut av det».

Torleiv Fylkesnes
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje